


Årsrapport 2025

Ørskog sokn

Årsmeldingar og årsregnskap



Innhald

Årsmeldingar frå aktivitetane i soknet.....	4
Innleiing.....	4
Sokneråd og stab	5
Visjon.....	5
Om soknerådet.....	5
Viktige saker i 2025.....	5
Underutval og arbeidsgrupper	6
Utval.....	6
Arbeidsgrupper.....	6
Gudstenester og kyrkjelege handlingar	7
Statistikk.....	7
Gudstenestene i 2025.....	7
Soknepresten sine refleksjonar	9
Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid.....	10
Breiddetiltak i 2025	10
Faste aktivitetar i 2024.....	11
Samarbeid med barnehage og skule.....	12
Konfirmantarbeidet.....	12
Diakoni.....	14
Bruktbutikken	14
Behov for fleire frivillige	15
Fellesskapskveldar	15
Musikk- og kulturlivet i kyrkjelyden	16
Organisten si verksemd	16
Musikklivet i Ørskog kyrkje	16
Instrumenta i kyrkja.....	16
Rekruttering og opplæring	17
Misjon	18
Misjonsavtalar	18
Samarbeid med Stefanusalliansen	18
Samarbeid med HimalPartner	19
Husstyret.....	20
Samarbeid med Skodje sokn	21
Felles gudstenester	21
Frivilligfest 2025	21

Avslutning og takk	22
Årsmelding etter §12 i forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kyrkja	23
Soknerådet.....	23
Tilsette og stillingar	23
Økonomien til soknet	24
Driftsinntekter	24
Framovermelding	25
Likestilling i sokneråd og stab.....	25
Årsregnskap 2025	26

Årsmeldingar frå aktivitetane i soknet

Innleiing

Ørskog kyrkje vart bygd i 1873 og vigsla 6. november same år. Arkitekt var Jacob Wilhelm Nordan og byggmeister var Carl Berg frå Levanger.

Kyrkja er stor og vakker og har 650 sitjeplassar. Ho blir kalla Storfjord-katedralen. Kyrkja er ei langkyrkje med vesttårn. Innvendig er ho måla i lyse fargar med rosa som veggfarge i skipet. Elles er det mykje treimitasjon – eikeådring – som t.d. på interiør i koret, preikestol og på gallerifrontane, nymåla til 150 årsjubileet i 2023.

I tillegg har kyrkjelyden eit godt kyrkjelydshus i Kyrkjetoget som vart kjøpt 5. desember i 2005. Det inneheld kontor, møtesalar og stor bruktbutikk m.a.

Til Ørskog kyrkje høyrer det ein gravplass som ligg i tilknytning til kyrkja.



Ørskog kyrkje

Foto: Henta frå ørskog.kyrkjelyd.no

Sokneråd og stab

Visjon

Meir himmel på jorda

Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.

I strategidokumentet til Den norske kyrkja står det at kyrkja opnar rom for tru, ho er der livet vert levd og ønskjer å vere meir for fleire.

Kyrkjelyden er eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap der menneske blir utfordra til tru og aktiv teneste. Slik ønskjer kyrkjelyden å synleggjere og arbeide for at kyrkja ikkje berre er eit bygg, men ein levande organisasjon som er der for den enkelte, byggjer fellesskap og utfordrar til teneste for Gud og menneske.

INNSATTSOMRÅDE			
Den norske kyrkja strategi for 2022–2029	1  Kyrkja opnar rom for tru	2  Kyrkja er der livet vert levd	3  Kyrkja er meir for fleire
 Kyrkja for den enkelte	1.1 Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet	2.1 Styrkjer kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar	3.1 Gjev tilhøyrse og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt
 Kyrkja i samfunnet	1.2 Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle	2.2 Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt	3.2 Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på
 Kyrkja som organisasjon	1.3 Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje	2.3 Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar	3.3 Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena

Om soknerådet

I 2025 har Mons-Olav Walgermo vore soknerådsleiar, medan May-Sissel Richardsen Osvik har vore nestleiar. Ho representerer òg soknet i Ålesund kyrkjelege fellesråd. Det har vore eit mål at både faste medlemmar og varamedlemmar møter til soknerådsmøta. Dette har fungert godt og har bidrege til både innsyn i og engasjement for arbeidet i rådet blant varamedlemmane.

Viktige saker i 2025

- Orgelsaka
- Skriftleggjering av rutinar for kyrkjevertane
- Minnetavle over falne etter 2. verdskrig – supplering av namn
- Lyttartilhøva i Ørskog kyrkje
- Arrangement i samarbeid med Borgund Mållag – Nynorsk Salmebok 100 år
- Oppfølging av misjonsavtalane
- Renovering av vindauge på Kyrkjetorget – utskifting av vindauge på vest-sida. Måling av alle karmene rundt heile bygget.

Underutval og arbeidsgrupper

Ørskog sokneråd har ansvar for å setje i verk tiltak på ulike område i kyrkjelydsarbeidet. Samstundes er det korkje mogleg eller ønskeleg at rådsmedlemmane skal stå for all verksemd på eiga hand. For å sikre ei god og effektiv styring, legg rådet vekt på å samordne, planleggje og initiere tiltak, heller enn å bruke møtetida på detaljert sakshandsaming eller operativt grunnlagsarbeid i alle saker.

Ein viktig del av soknerådet sitt arbeid er å *rekruttere medarbeidarar* som kan bidra i dei ulike oppgåvene og aktivitetane kyrkjelyden driv. I tillegg har rådet ansvar for å *sikre økonomisk grunnlag* for drifta, enten gjennom tilskot, gåver eller andre inntektskjelder. Gjennom denne måten å arbeide på kan soknerådet sørge for at kyrkjelydsarbeidet både er godt organisert og berekraftig over tid.

Utval

- Arbeidsutvalet
- Gudstenesteutvalet
- Trusopplæringsutvalet

Arbeidsgrupper

- 4 årsbok-komité
- Lys Vaken og Tårnagent-komité
- Knøttekor- og Barnegospel
- Husstyret
- Bruktbutikken
- Fellesskapskveld



Kyrkjelydshuset «Kyrkjetorget» på Sjøholt.

Foto: google.com

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Statistikk

Kva	2022	2023	2024	2025
Tal på gudstenester søn- og helgedagar	30	31	29	27
Tal på gudstenester utanom søn- og helgedagar	5	28*	4	6
Totalt antal gudstenester i Ørskog sokn	35	59*	33	33
Totalt frammøte på gudstenester søn- og helgedagar	2 064	2 349	2 678	2 264
Gjennomsnittleg antal deltakarar på gudstenester søn- og helgedagar	69	76	92	83
Totalt frammøte på gudstenester utanom søn- og helgedagar	845	1 089	1 042	1 456
Gjennomsnittleg antal deltakarar på gudstenester utanom søn- og helgedagar	169	39	260	242
Totalt frammøte på gudstenester	2 909	3 438	3 720	3 720
Tal på gudstenester med nattverd	23	22	23	23
Tal totalt til nattverd	682	854	732	732
Dåp	15	18	28	16
Konfirmerte	24	18	27	27
Vigsel	2	2	4	3
Gravferder	16	15	22	21
Utmeldingar	3	7	4	3
Innmeldingar	1	0	1	0
Antal medlemmer i Den Norske Kyrkja	1 679	1 682	1 678	1 671

*talet inkluderer 22 stk. andakter på institusjon i soknet

Gudstenestene i 2025

I Ørskog kyrkjelyd samlast vi til gudsteneste om lag annakvar søndag. Oppmøtet varierer noko, avhengig av om det er dåp eller om gudstenesta er knytt til trusopplæringstiltak.

Ei gudsteneste vi særleg vil trekkje fram, er gudstenesta 16. november. Då deltok barna frå Lys Vaken-helga i gudstenesta, saman med Krasp-koret. Koret avslutta øvingshelga si på Vestheim ungdomssenter med å delta i gudstenesta i Ørskog kyrkje, og bidrog med vakker song.

I julehøgtida var kyrkja fullsett. Det vart ei stemningsfull gudsteneste med song ved Marit-Ellen Lund og kornettspel av Arnljot Lande. Han fekk også blomar som takk for den trufaste innsatsen gjennom mange år som trompetist under julegudstenesta.

Vi prøver å leggje til rette for enkel kyrkjekaffi etter kvar gudsteneste. Dette gir høve til å bli verande litt, slå av ein prat og styrkje fellesskapet. Frivillige gjer ein svært viktig innsats som klokkarar og kyrkjevertar. Samtidig ser vi behov for å rekruttere fleire frivillige, slik at oppgåvene kan fordelast på fleire.

Gudstenestearbeidet er eit arbeid som krev kontinuerleg utvikling. Det er difor oppretta eit gudstenesteutval som skal bidra i arbeidet med å utvikle gudstenestene i samarbeid med prest og kantor. Arbeidet i utvalet har enno ikkje kome i gang, men målet er å starte opp i løpet av våren 2026.

Hausten 2025 starta prest og kantor også opp med andakter på sjukeheimane. Det har vore god oppslutning om samlingane, og vårt inntrykk er at bebruarane set pris på å samlast annakvar onsdag til song, bøn og andakt.



Dåpsfatet i Ørskog kyrkje

Foto: Bla AS

Soknepresten sine refleksjonar

Jeg har nå vært prest i Ørskog i 1,5 år. På grunn av studier er det perioder, hvor jeg har hatt lengre avbrekk fra arbeidet i soknet. Jeg blir etter planen ferdig med studiene denne våren, og vil da fortsette med 60% som sokneprest i Ørskog og 40% ulike steder i prostiet.

Det er en stor glede å oppleve at kirka er viktig for mange. Det er god oppslutning om trosopplæringsarbeidet og jeg opplever at kirken har god tillit i lokalbefolkningen. Det er mange frivillige medarbeidere i sognet som bidrar inn mot bruktbutikken, trosopplæring og Gudstjenester. Bruktbutikken er ett unikt møtested. Jeg tenker at kirken driver ett stort diakonalt arbeid gjennom bruktbutikken og at dette er noe en skal være veldig stolt av.

I skrivende stund har jeg akkurat vært med på 6 års-samling i kirka med engasjerte frivillige, som laget ett fint opplegg for barna som skulle få 6-årsbok på den kommende Gudstjenesten. Konfirmantforeldre har vært villige til å stille som frivillige på leir og når det har vært ønske om boller og kakao til Lysmessa. Sammen kan vi gjøre mye! Jeg tror det er gode muligheter til å utvikle arbeidet i soknet. Samtidig er vi helt avhengige av alle frivillige medarbeidere som vil bidra i arbeidet.

I kirkelig arbeid kan en gjøre uendelige mye forskjellig. Det er dermed noen viktige spørsmål vi må stille oss. Hva ønsker vi å satse på? Har vi frivillige som kan tenke seg å bidra inn mot dette arbeidet? Om noen sitter med ideer og tanker om noe en har motivasjon for å gjøre, er en hjertelig velkommen til en prat.

2025 er historie og 2026 er godt i gang. Jeg gleder meg til nok ett meningsfullt år, hvor vi kan ta noen nye steg sammen i oppdraget som Jesus gav oss i Matteus evangeliet kapittel 28:

«Gå derfor og gjør alle folkeslag til disipler: Døp dem til Faderens og Sønnens og Den hellige ånds navn 20 og lær dem å holde alt det jeg har befalt dere.

Og se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende.»

Jan Kristian Behrentz

Sokneprest

Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid

Trusopplæringa i 2025 har bestått av kyrkjelydspedagog, Julie Elise Tronstad og kateket Solveig Frafjord Whitcomb.

Opplegget omfattar både faste tilbod og breiddetiltak for ulike årskull.

Dei faste tilboda er jamlege samlingar som barn og ungdom kan delta på gjennom året.

Breiddetiltaka er årlege samlingar for spesifikke årskull, der alle medlemmar og tilhøyrande i kyrkjelyden får ein personleg invitasjon i postkassa.

Breiddetiltak i 2025

I 2025 har vi gjennomført 4års-treff, 6års-treff, Tårnagenthelg og Lys Vaken-helg. Barna som har vore med på tiltaka har også blitt inviterte til å vere med i barnekor, og vi har fått nokre nye medlemmar i koret på denne måten.

4-årstreff

4-åringane blei inviterte til samling på Kyrkjetoget, dei deltok på barnekor og dei var med i ei gudsteneste der dei fekk utdelt 4års-boka.

Dåpsskule/6-årsbok

6-åringane blei inviterte til samling på Kyrkjetoget. Dei deltok også på barnekor, og fekk utdelt 6års-boka på ein gudsteneste.

Tårnagenthelg

Dette var ei kjekk helg med mange fine tårnagentar. Vi hadde dramapreike med tidsmaskin på søndagen, der nokre barn fekk reise heilt tilbake til Jesu tid og møte han og disiplane. Det var litt vanskeleg å få nok frivillege til denne helga, men takka vere nokre foreldre, nokre storesysken og Stein Pedersen og Berit Walgermo Pedersen, fekk vi gjennomført med stil.

Lys Vaken-helg

I år inviterte vi både 6. og 7. klassingar til Lys Vaken, siden 7. klassingane ikkje fekk tilbodet i fjor. Det kom 17 barn, og det gjekk veldig fint å kombinere dei to klassetrinna. Det var berre Julie Tronstad og Jan Kristian Behrentz som stilte som vaksenleiarar, og vi fekk ikkje gitt barna tilbod om overnatting i kyrkja. Nokre konfirmantar var leiarar saman med oss, og det var ei super hjelp.

«Brev til meg»

Alle 19-åringane fekk tilbod om å kome til kyrkja si for å ta imot eit brev dei skreiv til seg sjølv i konfirmasjonstida. I Ørskog møtte 10 ungdomar, som tilsvara om lag 50 % av kullet. Det vart ei fin samling på Kyrkjetoget med pizza og mimring frå konfirmasjonstida, samt refleksjonsspørsmål knytt til det å vere ungdom i dag. Ei liturgisk avslutning med bøn og ljós-tenning vart opplevd som særleg fint. Ei av deltakarane uttrykte det slik: «Dette var så fint, eg trur eg må be litt oftare – det var skikkeleg mindfulness, liksom.» Samlinga fann stad ein fredag kveld i februar.

Faste aktivitetar i 2025

Babysong

I Ørskog har det vore jamn rytme og godt oppmøte på babysong, som vart arrangert annakvar tysdag på Kyrkjetorget. Tilbodet er samordna med babytreff på Stolt Mat, slik at målgruppa har eit tilbod i lokalsamfunnet minst éin gong i veka.

Som vanleg har det vore flest mødrer som har møtt opp, men også nokre fedrar har delteke. Gruppa har variert mellom 3 og 10 deltakarar per samling, medan talet på enkeltpersonar som har vore innom i løpet av perioden ligg på rundt 20.

Frå oktober vart tilbodet sett på pause grunna sjukemelding i staben. Målgruppa fekk då invitasjon til å delta på babysong i Skodje fram mot jul. Erfaringa var likevel at innbyggjarar frå Ørskog i liten grad nytta seg av dette tilbodet, noko som understrekar kor viktig det er å ha babysong lokalt.

Deltakarane gir uttrykk for at dei set pris på at tilbodet ikkje krev bindande påmelding, slik at ein kan kome når det passar. Det blir servert kaffi, te og enkel servering, og mange blir verande etter songen for prat og sosialt fellesskap.

Barnekor

Annakvar onsdag er det barnekor på Kyrkjetorget. Før sommaren var barna delt i Knøttekor og Barnegospel. Barnegospel var tiltenkt dei eldste barna som hadde byrja på skulen, men oppmøtet der var lite. Etter sommaren valde vi difor å slå saman gruppene til eitt kor, som fekk namnet Ørskog barnekor.

I denne overgangen mista vi dessverre nokre av dei eldste barna, men etter kvart har det kome fleire til i den yngste gruppa. No er det ein fin gjeng på rundt 15 barn på øvingane.

Koret deltok på julegrantenninga og har også sunge på konsert på Gomerhuset saman med barnekora frå Skodje kyrkje.

Dei frivillige Inger Wenche Lid Wethe og Mette Sivertsen Breyholtz gjer ein uvurderleg innsats i arbeidet. Dei sørgjer for kveldsmat til både barn og foreldre som møter opp. Vi opplever at måltidet etter øvinga er ein viktig del av samlinga, og at det skaper rom for eit godt og inkluderande fellesskap.

Samarbeid med barnehage og skule

Barnehagane og skulane i Ørskog sokn viser stor interesse for tilboda frå kyrkja, og samarbeidet med rektorar, lærarar og barnehagetilsette er godt.

Påskevandringa vart gjennomført for førskuleborna i barnehagane og 2. klasse ved skulane. I Ørskog deltok 45 born fordelte på tre grupper i kyrkja.

I juletida vart det gjennomført skulegudstenester for skulane i soknet. Alle skulane, med unntak av Valle skule, kunne kome til kyrkja. Mange born fekk ta del i den tradisjonelle skulegudstenesta.

Det vart òg gjennomført julevandringar for alle 1.klassingane og 4-åringane i barnehagane. I Ørskog deltok 45 born fordelte på to grupper.

Konfirmantarbeidet

I mai vart 27 ungdomar konfirmerte i Ørskog sokn. I tillegg til ordinær konfirmasjonsgudsteneste vart det gjennomført ei tilrettelagd gudsteneste. Planlegging og koordinering av konfirmantundervisninga er kateketen sitt ansvar, medan gjennomføringa skjer i samarbeid med prestane og kyrkjelydspedagog. Foreldra blir tildelte oppgåver, og frivillige bidreg særleg i samband med Fasteaksjonen.

Nokre samlingar vart gjennomførte saman med Skodje sokn, mellom anna misjonsdag på Gomerhuset og inspirasjonssamling i høve Fasteaksjonen i Ørskog kyrkje. Erfaringa er at ungdomane set pris på å møtast på tvers av soknegrensene.

Det nye kullet deltok på konfirmasjonsleir på Vestheim ungdomssenter ei helg i haustferien. Leiren var felles for begge sokna. Erfaringa var god, men leirstaden vart noko lita for ei gruppe på 75 konfirmantar. Gjennomføringa var heilt avhengig av stor foreldreinnsats, noko foreldra stilte opp på i rikeleg grad.

Nytt for dette kullet var kravet om at alle konfirmantane skulle melde seg på ein aktivitet i kyrkjelyden sitt øvrige arbeid. I Ørskog var planen at ei gruppe skulle delta på Brukt'n, men grunna sjukemelding i staben kom dette ikkje heilt i gang.



Konfirmantar 2025
Foto: Brit Imsland Skjelten

Diakoni

Diakonien er kyrkja sitt bankande hjarte i møte med menneske sine liv – i glede og i sorg, i kvardag og krise. I Skodje og Ørskog sokn har dette ansvaret dei siste åra vore borte av mange kloke hovud og varme hender, men utan ein tilsett diakon med særskilt ansvar. Då førre diakon gjekk av med pensjon i 2024, vart stillinga ikkje erstatta. Vi fekk i staden ein svært dyktig kyrkjelydspedagog, som gjer ein viktig og verdifull innsats, særleg retta mot barn, unge og familiar.

Sokna er stabile i omfang, men behova i lokalsamfunnet er like fullt store og samansette. Menneske står i livskriser, opplever einsemd, sorg, psykisk uhelse, økonomiske utfordringar og behov for støtte og tilhøyrslø. Slike behov lèt seg ikkje alltid fange opp gjennom generelle tiltak eller som ein del av andre stillingar – dei krev tid, fagleg kompetanse og eit tydeleg diakonalt ansvar.

Diakoni handlar ikkje berre om enkeltmenneske, men om å byggje strukturar som held over tid. Det handlar om å samordne frivillige krefter, samarbeide med andre aktørar, sjå samanhengar og sikre kontinuitet i arbeidet. Når ingen har diakonien som sitt hovudansvar, blir mykje av dette arbeidet sårbart og personavhengig – sjølv med stor vilje og engasjement i staben.

Skodje og Ørskog sokn deler både geografi, fellesskap og utfordringar. Ei felles diakonstilling vil kunne styrkje det diakonale arbeidet i begge sokn, gi betre oppfølging av menneske i sårbare livssituasjonar og gjere kyrkja meir tydeleg til stades i lokalsamfunnet.

Å satse på diakoni er å satse på menneske. Det er å ta på alvor kyrkja sitt oppdrag om å vere nær der livet skjer – slik det faktisk er. Difor er det eit reelt og viktig behov for ein tilsett diakon i Skodje og Ørskog sokn.

Bruktbutikken

Butikken har halde ope onsdagar og laurdagar gjennom heile året. Interessa for brukte varer er stor og aukande, og vi marknadsfører oss aktivt på Facebook og Instagram, i tillegg til annonser i aviser og andre kanalar. Heimesida har vore lite brukt og vart difor lagt ned i 2025.

Vi får inn mykje fint og godt brukbart utstyr, og salet har også dette året vore svært bra. Samstundes krev det stor innsats å halde god orden og system i butikken. Onsdagane har vore sette av til rydding, utpakking, prising og sal.

Vi har vore heldige med mange stabile og dyktige frivillige som gjer ein stor og viktig innsats. Fleire har også stilt opp andre dagar i veka gjennom året for å få unna nødvendig arbeid.

Gjennom året får vi inn svært mykje julepynt og andre juleting. I 2025 nytta vi Lillesalen til å stille ut det som hadde kome inn, slik at alt kunne samlast på éin stad. Mykje vart selt, men vi har framleis mykje fint som blir teke vare på til neste jul.

Behov for fleire frivillige

For å oppretthalde drifta treng vi fleire frivillige på laga våre. Ei vakt inneber om lag fire timar arbeid kvar sjette laurdag, med oppgåver knytte til kjøkkenteneste, kassearbeid eller arbeid ute i butikken.

Mange av dei frivillige har vore svært stabile gjennom lang tid, noko vi er svært takksame for. Samstundes ser vi behov for fleire, slik at vi kan fordele oppgåvene betre og sikre at nødvendige arbeidsoppgåver på kjøkkenet, i kassa og i butikken blir gjennomførte på ein god måte.

Fellesskapskveldar

Fellesskapskveldane er ein viktig sosial møteplass i kyrkjelyden, i tillegg til gudstenestene. Det sosiale fellesskapet står sentralt, samstundes som vi inviterer ulike foredragshaldarar til å dele kunnskap og engasjement om tema dei har særleg innsikt i. Kveldane blir alltid avslutta med enkel kveldsmat.

I 2025 vart følgjande fellesskapskveldar arrangerte:

Januar: Monica Corneliussen og David Roxx Reite frå Sportskapellet delte si tru- og livshistorie.

April: Johan Behrentz fortalde om turen sin til Sør-Afrika og møtet med kyrkjelyden der, som vart bygd opp av utvandrarar frå Ålesund.

Juni: Henriette Bryn og Mirijam Bergh frå Himalpartner fortalde om sjelesorgarbeidet Mirijam har vore med på å byggje opp i Nepal. Kvelden vart også markert som sommaravslutning med grilling.

August: Årleg soknemøte.

September: Sokneprest Jan Kristian fortalde om pilegrimsvandringa si frå Trondheim til Oslo.

Oktober: Alf Kjetil Walgermo heldt foredrag om Donald Duck og Litteratur i Andeby. Det vart også arrangert nynorsk salmekveld i kyrkja.

November: Olav Rønneberg fortalde om arbeidet til Stefanusalliansen, som er ein del av Ørskog kyrkje sitt misjonsprosjekt.

Musikk- og kulturlivet i kyrkjelyden

Organisten si verksemd

Organisten si verksemd omfattar i hovudsak spel til dei lovpålagde oppgåvene som gudstenester, gravferder og vigsler. I desse samanhengane inngår også akkompagnement av solistar og kor. Organisten står òg for preludering ved dei fleste gravferder.

Ved enkelte gudstenester har organisten hatt ansvar for å skaffe til vegs musikalske ressursar, til dømes i samband med minnegudstenesta på allehelgensdag, samt i påske- og julegudstenestene. Her har det vore medverknad frå kyrkjekor, barnekor, solistar og elevar frå kulturskulen.

Musikklivet i Ørskog kyrkje

I Ørskog kyrkje er det eit barnekor som jamleg har medverka i gudstenestene.

Ved nokre gudstenester har det også vore musikalske innslag ved eksterne musikarar. Kantor har i tillegg delteke på andaktar ved institusjonane.

Det har vore arrangert fleire konsertar og salmekveldar, både i regi av kyrkja og av eksterne aktørar. Særleg kan den første konserten i serien *Resonans* nemnast. Serien har som mål å kombinere musikk med andre kunstformer. Denne gongen vart biletkunst presentert av Carsten Nielsen, Liv Dyste Sønderland og Anne Sara Loe, med musikalske bidrag frå Elin Dyrkorn, Marit-Ellen Lund og kantor. I 2026 er det planlagt ein konsert i *Resonans*-serien med orgel og dans.

Instrumenta i kyrkja

Pianoet i Ørskog kyrkje er gammalt og slite. Etter at Skodje kyrkje fekk nytt flygel, fekk Ørskog kyrkje overta det gamle flygelet derfrå. Sjølv om også dette flygelet er slite, representerer det ei stor forbetring samanlikna med det tidlegare pianoet, og kan nyttast inntil det eventuelt blir aktuelt å erstatte det med eit nyare instrument.

Flygelet som no står i Ørskog kyrkje, er eigd av Skodje blandakor. Koret har sagt seg villig til å la flygelet stå i kyrkja mot at vi tek ansvar for stemming og vedlikehald. Ein stor takk går til blandakoret for dette.

Orgelet i kyrkja har behov for renovering og ferdigstilling, mellom anna intonasjon av hovudverket. Det vart arbeidd mykje med denne orgelsaka i 2025, og fleire moglege løysingar vart vurderte. Til slutt vart det vedteke å gjennomføre ei full renovering, som omfattar både intonasjon av hovudverket og utbetring av mekaniske problem. Torkildsen orgelbyggeri fekk oppdraget, og arbeidet er planlagt utført hausten 2026.



Orgelet i Ørskog kyrkje

Foto: Inger Valbø

Rekruttering og opplæring

Som ein del av arbeidet sitt i kulturskulen held organisten korte orgelkurs to gonger i året. Dette kan bidra til rekruttering av nye organistar. Orgelelevar har ved fleire høve medverka i gudstenester og andre arrangement.

Misjon

Ørskog kyrkjelyd støttar Stefanusalliansen og HimalPartner gjennom eigne misjonavtalar.

Misjonsavtalar

Ørskog sokn har to aktive misjonsavtalar for perioden 2024–2027

- **HimalPartner**
 - Avtaleperiode: 01.01.2024-31.12.2027
- **Stefanusalliansen**
 - Avtaleperiode: 01.01.2024-31.12.2027

Samarbeid med Stefanusalliansen

Stefanusalliansen er ein trus- og menneskerettsorganisasjon med særleg fokus på kampen for trusfridom. Dei støttar misjonsarbeid i land der trusfridomen er avgrensa og forsvarar retten til å leve ut og dele trua si, særleg for undertrykte kristne.

Gjennom Stefanusalliansen støttar Ørskog sokn Antalya evangeliske kirke, ein tyrkiskspråkleg kyrkjelyd som ønsker å vise at ein kan vere både tyrkisk og kristen samtidig.

Tyrkia tenkjer vi mest på som eit land vi dreg på ferie til, men det er også eit land som har bevegde seg sterkt i ei meir autoritær retning, og kåra for dei kristne har blitt stadig vansklegare. I dag er der om lag 2% kristne i Tyrkia, og mange møtar vanskar i liva sine. Ørskog kyrkjelyd støttar Antalya evangeliske kyrkje i eit av sine misjonsprosjekt gjennom offer i kyrkja og gjennom tilskot frå soknerådet.

Meir om Stefanusalliansen sitt arbeid i Tyrkia kan du lese i denne lenka:

<https://www.stefanus.no/for-menigheten/menighetsprosjekt/Tyrkia-menighetsprosjekt>

Konkrete tiltak i 2025

I 2025 møtte tidlegare kateket Olav Rønneberg konfirmantane og snakka om arbeidet til Stefanusalliansen. Han var også med på ein fellesskapskveld for å informere om soknet sitt misjonsprosjekt.



Vårt misjonsprosjekt:

Antalya evangeliske kirke

«Hvis du er tyrkisk og kristen på samme tid, er du en landsforræder».
Dette lærer unge barn på skolen i Tyrkia. **Vår menighet støtter** Antalya evangeliske kirke og Karataskirken i Izmir. Menighetene ønsker å vise at man kan være både tyrkisk og kristen på samme tid. Gjennom pastorlønn og disippeltreningsskole hjelper dere tyrkiske kristne til å skape en sterk tro og bygge solide menigheter.

Sammen viser vi at tyrkiske kristne ikke står alene.



Samarbeid med HimalPartner

HimalPartner har som føremål «å gjennom ord og teneste bringe evangeliet til tibetanarar, nepalarar og andre folk i landa rundt Himalaya». Organisasjonen har ein diakonal profil og arbeider særleg med å førebygge barneekteskap, vald og menneskehandel. Dei jobbar for å endre haldningar til vald og styrke menneskers evne til ikkje-valdeleg problem- og konfliktløysing, primært på «lågt» nivå i heim og klasserom.

Konkrete tiltak i 2025

I løpet av 2025 har kyrkjelyden arbeidd aktivt med å formidle og støtte arbeidet i Nepal gjennom fleire konkrete tiltak.

Historia til Anjali Tamang, som vart delt med deltakarane på kyrkjelydsreisa til Nepal i 2024 (jf. årsmelding 2024), har vorte formidla vidare i både mindre og større samanhengar på Sjøholt. Forteljinga, saman med andre erfaringar frå arbeidet i Nepal, har bidrege til auka medvit og engasjement i kyrkjelyden.

Laurdag 18. januar deltok Liv Sønderland på konfirmantlaurdag i Gomerhuset. Gjennom heile dagen fekk konfirmantar frå Skodje og Sjøholt innblikk i HimalPartner sitt arbeid i Nepal. Det vart særleg lagt vekt på korleis utdanning, fellesskap og næringsverksemd bidreg til tryggleik, sjølvstende, utvikling og stabile inntekter – eit døme på haugianisme i praksis.

Søndag 9. mars 2025 vart det arrangert regionalsamling for HimalPartner på Brukt'n. Mons Olav Wagermo og kyrkjelyden la godt til rette for ei vellukka samling med deltakarar frå heile regionen. Særleg mange frå Sjøholt møtte fram, noko som heng saman med det lange engasjementet for HimalPartner sitt arbeid. Mange har følgd arbeidet i over 50 år, mellom anna gjennom tilknytning til misjonsarbeidet i Nepal på 1970- og 1980-talet. Samlinga gav deltakarane ei oppdatert framstilling av utviklinga i Nepal i dag.

18. oktober hadde vi òg ei samling på Kyrkjetoget, der vi fekk besøk av den nye generalsekretæren i HimalPartner, Bjarte Birkeland. Han fekk høyre meir om det lokale engasjementet vårt, om korleis kyrkjelyden har følgd arbeidet over tid, og om den konkrete innsatsen som er lagt ned i samband med prosjektet.

I samband med sommarsamlinga/grillfesten for kyrkjelyden i juni, hadde vi besøk av Henriette Bryn og Miriam Bergh. Bergh heldt eit foredrag om sjelesorg og mental helse.

ET LIV UTEN VOLD



MISJONSAVTALE MELLOM
HIMALPARTNER OG

ØRSKOG SOKN

.....

Sammen skal vi være et
redskap for Guds kjærlighet
i Himalaya.



HimalPartner

Husstyret

Medlemer i husstyret	
Stein Pedersen	Leiar
Øyvin Danielsen	Styremedlem
Ingeri Madsen	Styremedlem
Eivind Dag Nupen	Styremedlem
Ola Sønderland	Styremedlem
Mons-Olav Walgermo	Styremedlem (sekretær)

Saker husstyret har arbeidd med

Dette året har det store tiltaket vore rehabiliteringa av vindauga på vestsida av bygget. Nye 3-lags vindauge med aluminiumsramme ytterst vart montert. Det vart samtidig fornya isolasjon der det trongst. Innvendig var det treverk, slik som på dei andre vindauga. Vindauga har same utforming som dei som vart utskifta.

Etter dette vart gjort, vart dei andre vindauga og veggane vaska og vindaugskarmane skrapa og mala i same fargen som på dei nye. Det siste tiltaket vart gjort på dugnad.

Elles har husstyret tatt seg av vanleg vedlikehald ute og inne i følgje årsplanen og mandatet, og gjennomført nokre dugnader.

I november arrangerte vi 20-årsjubileum for å markere Kyrkjetorget og den viktige rolla det har hatt som møteplass gjennom to tiår. Dagen vart feira med kyrkjebasar, open bruktbutikk og kafé, og mange tok turen innom for handel, prat og fellesskap.

Om kvelden var det jubileumsfest med påmelding, der om lag 50–60 personar deltok. Det vart servert koldtbord og kaker, og programmet baud på både helsingar, tilbakeblikk og kulturelle innslag.

Samarbeid med Skodje sokn

Felles gudstenester

Skodje og Ørskog sokn har hatt fleire gudstenester saman. Kristi himmelfartsdag og 1. pinsedag har i fleire år vore felles gudstenester. I 2025 vart det òg vedteke å innføre felles gudsteneste 1. påskedag, annakvart år mellom sokna. Dette året vart gudstenesta feira i Ørskog kyrkje. Skodje kyrkjekor medverka, og kateket Solveig Frafjord Whitcomb hadde opplegg for barna på søndagsskulerommet. Gudstenesta var godt besøkt. I 2026 vert felles gudsteneste 1. påskedag lagt til Skodje kyrkje.

Frivillegfest 2025

I januar 2025 vart det arrangert medarbeidarfest for Skodje og Ørskog sokn på Kyrkjetoget. Over 60 frivillige var samla, med jamn fordeling av deltakarar frå begge sokna. Kvelden baud på god mat, med oksegryte levert av Sjøholt Catering og smakfulle kaker til kaffien. Soknerådsleiar i Skodje, Knut Bjune, leia oss trygt gjennom kvelden. Programmet baud mellom anna på eit intervju med ekteparet Lise Vindi og Lars Tore Nerbøvik, leia av soknerådsleiar i Ørskog, Mons-Olav Walgermo. Kateket Solveig F. Whitcomb hadde laga ein artig og engasjerande quiz. Kvelden vart avslutta med ei kulturell samling i Ørskog kyrkje, der kantor Marc Labruijere hadde sett saman eit fint program med diktlesing og musikk. Både frivillige og kantoren sjølv medverka med musikk framført på piano og orgel.



Felles friluftsgudsteneste på Liasetra
Foto: Ester Walgermo

Avslutning og takk

Kyrkjelydsarbeidet i soknet er ein sentral del i lokalsamfunnet og skaper fellesskap og tilhøyrsløse for menneske i alle aldrar. Arbeidet omfattar i særleg grad barn og unge, men kyrkja er også ein viktig møteplass for vaksne og eldre.

I tillegg til innsatsen frå dei tilsette, er det mange frivillige som gjev av si tid og sitt engasjement. Dei bidreg aktivt i trusopplæringa gjennom samlingar som Babysong, Barnekor, Tårnagenthelg og konfirmantarbeid. Dei er også med i arbeidet med gudstenester og fellesskapskveldar, der deira innsats er avgjerande for å skape gode opplevingar for kyrkjelyden. Mange engasjerer seg også i bruktboutikken, som ikkje berre skaffar inntekter til kyrkja, men også fungerer som ein viktig sosial arena. Frivillige deltek òg i vedlikehald og praktiske oppgåver i og rundt kyrkja og Kyrkjetoget, noko som sikrar at lokala er innbydande og godt tilrettelagde for aktivitetane som finn stad.

Utan denne innsatsen ville mykje av kyrkjelydsarbeidet vore vanskeleg å gjennomføre. Difor vil vi rette ei stor takk til alle som bidreg med si tid og sitt engasjement. Dei gjer ein verdfull innsats som betyr mykje både for kyrkjelyden og for heile lokalsamfunnet i Ørskog.

Mottoet for kyrkja er meir himmel på jord. Den gode budskapen om at himmelriket er kome nær ønskjer vi å formidle gjennom tru, fellesskap og teneste på ein god måte. Jesus er vegen, sanninga og livet er godt å ta med seg i livet også i ei uroleg og krevjande tid.

Mons-Olav Walgermo
Soknerådsleiar 2025



Den prektigkledde sommerfugl
Foto: Inger Valbø

Årsmelding etter §12 i Forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kyrkja

Soknerådet

Soknerådet har i løpet av dette året hatt 7 ordinære møte og handsama 47 saker. Referat frå møta ligg tilgjengeleg på kyrkjelyden si heimeside. Årleg soknemøte vart gjennomført 28.08.25.

Arbeidsutvalet er sett saman av soknerådsleiar, nestleiar og sokneprest. Arbeidsutvalet førebur saker til soknerådsmøta og handsamar nokre mindre saker mellom møter ved behov.

Medlemmer av soknerådet	
Mons-Olav Walgermo	Leiar
May Sissel R. Osvik	Nestleiar
Kristian Fjørtoft	Medlem
Ingeri Madsen	Medlem
Knut Steinar Dyrkorn	Medlem
Kari Pauline Longva	Medlem
Kim-Ove Hestås	Medlem
Doreen Strømmen	Medlem. <i>Permisjon 2025.</i>
Ann Kristin Paulsen	Medlem under permisjon til anna medlem.
Jan Kristian Behrentz	Sokneprest
<i>Varamedlem</i>	
Ann Kristin Paulsen	1. vara. Fast medlem under permisjon.
Ola Sønderland	2. vara
Kristian Sveen	3. vara

Tilsette og stillingar

Prestane får si løn av Møre bispedøme, andre tilsette blir lønna av Ålesund kyrkjelege fellesråd.

Stillingstype og storleik	Namn	Merknad
Sokneprest, 60%	Jan Kristian Behrentz	Under utdanning
Dagleg leiar, 25%	Astrid Josefine Eide	
Kantor, 40%	Marc Labruijere	
Kateket, 50%	Solveig Frafjord Whitcomb	
Kyrkjelydspedagog, 50 %	Julie Elise Tronstad	
Kyrkjetenar, 45%	Marie Hellevik	
Reinhaldar Kyrkjetoget, timeløn	Oliver Brenes	F.o.m august

Økonomien til soknet

Økonomien i Ørskog sokn i 2025 viser rimeleg samsvar mellom planlagd aktivitet og faktisk drift, med enkelte avvik som i hovudsak kan forklarast gjennom endra aktivitetsnivå og inntektsgrunnlag.

Resultatet viser eit regnskapsmessig mindreforbruk på kr. 978 301.

Driftsinntekter

Inntektssida i 2025 viser eit samla nivå som ligg noko over budsjett. Dette skuldast særleg gode inntekter knytt til sal av varer og tenester, medan enkelte arrangement- og dugnadsbaserte inntekter vart lågare enn forventa.

Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Denne posten viser høgare inntekter enn budsjettet i 2025. Det indikerer god aktivitet og god uttelling på drifta til Bruktbutikken. Samla sett er dette ein svært viktig bidragsytar til det positive totalresultatet.

Refusjonar/overføringar

Denne posten ligg på budsjettet nivå.

Andre tilskot, gåver og innsamla midlar

Inntekter frå gåver og innsamla midlar varierer frå år til år og er i stor grad knytt til konkret aktivitet og engasjement. I 2025 ligg desse inntektene noko under budsjett, utan at dette har hatt vesentleg innverknad på den samla økonomien.

- Offer innsamla til eiga verksemd, kr. 41 769
- Offer/innsamla til andre, kr. 93 422
- Givarteneste, kr. 14 000
- Tilskot og gåver frå andre, kr. 16 050

Utgifter

Det er ikkje registrert vesentlege overskridingar som påverkar heilskapsbiletet av drifta.

Lønn og sosiale utgifter

Lønn og sosiale utgifter er i hovudsak knytt til honorar gitt i samband med aktivitet. Avvik mellom budsjett og rekneskap i denne posten skuldast at utbetaling av honorar har blitt ført mot andre postar, som t.d. 2702 Musikertenester eller 2704 Andre Kulturtenester.

Kjøp av varer og tenester

Utgifter til varer og tenester er tilpassa aktivitetsnivået i soknet. Posten viser god samanheng mellom planlagde tiltak og faktisk gjennomføring, men ligg samla sett under budsjett. Dette kjem av mindreforbruk på enkelte postar.

Refusjonar/overføringar og meirverdiavgift

Posten gjeld refusjonar og handtering av meirverdiavgift, og er i hovudsak av teknisk karakter. Avviket mellom budsjett og rekneskap kan i hovudsak forklarast med at Ålesund kyrkjelege fellesråd valde å ikkje fakturere soknet for utgifter knytt til undervisningsstillingane (kateket og trusopplærar).

Tilskot og gåver

Tilskot og gåver frå soknet er gitt i tråd med vedtak og føremål.

Mellom anna

- Tilskot/gåver til andre, kr. 120 000
 - Herunder misjonsavtalane med HimalPartner og Stefanusalliansen
- Overføring av offer/innsamla midler til andre, kr. 93 422

Bruk av fond

Bruk av fond i 2025 er gjort i samsvar med fonda sine føremål og vedtak.

- Kr. 10 000 frå bunde fond – diakoni, vart gitt til gjennomføring av «Open Juleferiring» i regi av Come Home på julaften.

Framovermelding

Økonomien i Ørskog sokn står fram som stabil ved utgangen av 2025. Samstundes vil framtidig aktivitet, inntektsgrunnlag og prioriteringar krevje vidare god økonomistyring og realistiske budsjett. Soknet står likevel godt rusta til å møte komande år innanfor forsvarlege økonomiske rammer.

Likestilling i sokneråd og stab

I Ørskog sokneråd er det ved utgangen av 2025 9 faste medlemmar, 8 av dei er folkevalde pluss sokneprest. Av dei faste medlemmane er det 4 kvinner og 4 menn. Av dei tilsette i faste stillingar var det i 2025, 4 kvinner og 2 menn.

Årsregnskap 2025

Ørskog Sokn

Regnskapsskjema - Drift, Ørskog Sokn 2025		Regnskap 2025	Regulert budsjet 2025	Opprinn. budsjet 2025	Regnskap 2024
Inntekter:					
600-659	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	1 567 418	1 196 400	1 112 000	1 511 876
660-679	Salg av driftsmidler/fast eiendom				
700-789	Refusjoner/overføringer	130 241	125 000	89 000	149 798
790	Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale			0	
800-829	Statlige tilskudd				
830-839	Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.				
840-859	Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd				
860-879	Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	165 242	146 795	114 000	129 748
Sum driftsinntekter		1 862 901	1 468 195	1 315 000	1 791 422
Utgifter:					
010-099	Lønn- og sosiale utgifter		15 000	15 000	6 000
100-299	Kjøp av varer og tjenester	621 379	711 800	845 900	571 073
(300-389)+429	Refusjoner/overføringer, merverdiavgift note	134 371	80 000	239 000	250 633
390	Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale				
(400-479)	Tilskudd og gaver	213 423	203 795	160 000	153 688
Sum driftsutgifter:		969 172	1 010 595	1 259 900	981 394
Brutto driftsresultat:		893 729	457 600	55 100	810 028
900-909	Renteinntekter og utbytte	99 572			78 546
920-929	Mottatte avdrag på utlån				
500-509	Renteutgifter og låneomkostn.				
510-519	Avdrag på lån				
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l				
Netto finansinntekter/-utgifter		99 572	0	0	78 546
590	Avskrivninger note 1	80 358			80 358
990	Motpost avskrivninger	80 358			80 358
Netto driftsresultat		993 301	457 600	55 100	888 574
Interne finansieringstransaksjoner:					
930	Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)	888 574			661 412
940-949	Bruk av ubundne fond note				72 926
950-959	Bruk av bundne fond note 4	10 000			
960	Bruk av likviditetsreserve				
Sum bruk av avsetninger		898 574	0	0	734 339
530	Avsatt til dekning fra tidl. år (underskudd)				72 926
540-549	Avsatt til disposisjonsfond note 3	888 574	457 600		661 412
550-559	Avsatt til bundne fond note 4	25 000			
560	Avsatt til/styrking av likviditetsreserven				
570	Overført til investeringsregnskapet				
Sum avsetninger		913 574	457 600	0	734 339
580	REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK	978 301		55 100	888 574
980	REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK				0

Regnskapsskjema - BALANSE Ørskog Sokn 2025			Regnskap 2025	Regnskap 2024
EIENDELER:				
Kap x.2	Anleggsmidler		3 268 973	3 349 331
	Note 1			
x.27-x.29	Faste eiendommer og anlegg	Note	3 268 973	3 349 331
x.24-x.26	1			
x.22-x.23	Utstyr, maskiner og transportmidler			
x.21	Utlån			
	Aksjer og andeler			
Kap x.1	Omløpsmidler		3 877 966	2 816 386
	Note			
x.13-x.17	Kortsiktige fordringer	Note	188 441	169 068
	2			
x.18	Aksjer og andeler			
x.12	Sertifikater			
x.11	Bank bundet			
x.10	Kasse, bankinnskudd drift		3 689 525	2 647 318
SUM EIENDELER:			7 146 939	6 165 717
EGENKAPITAL OG GJELD:				
Kap 2.x	Egenkapital		7 042 714	6 129 771
	Note			
x.56-x.58	Disposisjonsfond	Note	2 493 648	1 605 075
	3			
x.51-x.52	Bundne driftsfond	Note	301 792	286 792
	4			
x.53-x.54	Ubundne investeringsfond			
x.55	Bundne investeringsfond			
x.5950	Regnskapsmessig mindreforbruk			
x.5900	Udekket i investeringregnskapet			
x.5960	Regnskapsmessig mindreforbruk		978 301	888 574
x.5980	Likviditetsreserve			
x.5990	Kapitalkonto	Note	3 268 973	3 349 331
	5			
GJELD				
Kap x.4	Langsiktig gjeld:		0	0
x.41-x.42	Ihendehaverobligasjonslån			
x.43-x.44	Sertifikatlån			
x.45-x.49	Andre lån			
Kap x.3	Kortsiktig gjeld:		104 225	35 946
x.31	Kassekredittlån			
x.32-x.39	Annen kortsiktig gjeld	Note	104 225	35 946
	6			
SUM GJELD OG EGENKAPITAL:			7 146 939	6 165 717
Kap x.9	Memoriakonti:		0	0
x.9100	Ubrukte lånemidler			
x.9200-x.9899	Andre memoriakonti			
x.9999	Motkonto for memoriakonti			

Noter til årsregnskap 2025 Ørskog Sokn

Note 1

Anleggsmidler

	Inng saldo	Avskrivninger	Aktivering	Utg.saldo	Avskrivnings- periode
Festetomt	376 100			376 100	Ingen
Kyrkjelydshus	2 973 231	-80 358		2 892 873	50 år
	3 349 331	-80 358	0	3 268 973	

Note 2

Kortsiktige Fordringer

Momskompensasjon 2025	105 241
diverse kundefordringer	83 200
Kortsiktige fordringer i alt	188 441

Ubundne fond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg.saldo
Disp.fond Menighetsråd	1 605 075	0	888 574	2 493 648
Disposisjonsfond i alt	1 605 075	0	888 574	2 493 648

Note 4

Bunde Driftsfond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg.saldo
B.dr.f.Diakonatmidler	76 926	-10 000		66 926
B.dr.fond, Tidl.Larsens og TH.legat	89 879			89 879
B.dr.fond,Ørskog barenkor	23 392			23 392
B.dr.fond Ida musikkfond	15 650			15 650
B.dr.Fond Trusopplæringsprosjekt	20 000			20 000
B.dr.fond, Orgelfond	5 531			5 531
B.dr.fond,kateket, ungdomsarbeid	55 411			55 411
B.dr.fond, stabsutvikling			25 000	25 000
Bunde driftsfond i alt	286 789	-10 000	25 000	301 789

Note 5

Kapitalkonto

Inngående Saldo	3 349 331
Avskrivninger anleggsmidler	-80 358
Utgående saldo	3 268 973

Note 6

Annen kortsiktig gjeld

Annen kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	104 225
Annen kortsiktig gjeld i alt	104 225

Note 7

Lønnskostnader/Refusjon til fellesrådet

Soknet har felles daglig leder med Skodje sokn og Spjelkavik, som er alle er tilknyttet Ålesund kyrkjelege fellesråd.

Ålesund kyrkjelege fellesråd er ansvarlig for lønn og møtegodtgjørelse.

Note 8

Strykninger

Det er ikke utført strykninger i 2025

Note 9

Ytelser til daglig leder og valgte medlemmer

Ålesund kyrkjelege fellesråd som arbeidsgiver er ansvarlig for lønn til daglig leder og utbetaler møtegodtgjørelse til medlemmer i soknet.